

Årsmelding 2015



Museet vart stifta 9. desember 1988 som Odda Industristadmuseum. Stiftinga vart utvida i år 2000 og skifta namn til Norsk Vasskraft- og Industristadmuseum (NVIM). Museet er ei stifting med egne vedtekter og styre. Museet har hovudkontor i Naustbakken 7 i Tyssedal og forvaltar 33 bygg, av desse eig museet seks.

1. Føremål

Museet arbeider etter følgjande føremålsparagraf vedteken av stiftarane 11. april 2000:

Museet skal samla inn og dokumentera, sikra, driva forskning og formidla historie knytt til elvar og vatn, vasskraftproduksjon, elektrisitet, kraftkrevjande industri og industristaden.

Det er eit overordna mål å syna mennesket i høve til heim, arbeidsplass, samfunn og natur. Museet skal vekkje interesse for og samla materiale om vasskraftproduksjon og kraftkrevjande industri sine verknader på samfunnet: Teknisk, økonomisk, sosialt, politisk, kulturelt og miljømessig, gjennom formidling og undervisning, mellom anna knytt til museumsanlegget i Folgefonngata.

Museet har som mål å bli eit nasjonalt senter for kunnskap og rådgjeving om norsk vasskraftshistorie, og historie knytt til kraftkrevjande industri og samfunnet ikring. Museet har òg som mål å bevare, forvalta og formidla kunnskap om det nasjonale kulturminnet Tyssedal Kraftanlegg (Tysso I).

2. Organisasjon

Følgjande verksemder, institusjonar og organisasjonar er stiftarar av Norsk Vasskraft- og Industristadmuseum:

Odda Kommune, Odda Smelteverk AS (nedlagd 2003), Norzink as (no: Boliden Odda AS), K/S Ilmenittsmelteverket (no: Tizir Titanium & Iron AS), AS Tyssefaldene, Odda og omland faglige samorganisasjon (no: LO i Indre Hardanger), BKK, Bjølvfossen ASA (no: Elkem Bjølvfossen AS), DNN Industrier AS, E-CO Vannkraft AS, Eidfjord kommune, Norsk elektriker- og kraftstasjonsforbund (no: EL & IT Forbundet), Energibedriftenes Landsforening (no: Energi Norge), E-verkenes fagforening Vestlandet, Haugaland Kraft AS, Hardanger og Voss regionråd (no: Hardangerrådet), Herdlandsfoss Kraftverk (no: overført til BKK), Hydro Energi Røldal-Suldal, Indre Hardanger Kraftlag (no: Hardanger Energi AS), Kvinnherad Energi AS, Lederne, Landsorganisasjonen i Noreg, Norsk Institutt for vannforskning (NIVA), NHO Hordaland, Norsk Arbeidsmandsforbund, Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE), Norsk kjemisk industriarbeiderforbund (no: Industri Energi), Norges Ingeniør og Teknologorganisasjon (NITO), Norske Sivilingeniørers Foreining (no: Tekna), Odda Energi AS, Prosessindustriens landsforening (no: Norsk Industri), Statkraft Energi AS, Sunnhordland Kraftlag AS, Ullensvang herad.

Direktør

Jan-Anders Dam-Nielsen

Avdelingsleiarar

Siri Jordal

Svein Jåstad

Anne Gravdal

Revisor

Odda Revisjon AS v/statsaut. revisor

Nils Magnus Berge

StyretTorolv Mikkelsen, styreleiar (*Odda kommune*)Tore M. Sellæg (*Norsk Industri*)Rolf Nesheim (*Hordaland Fylkeskommune*)Hans Henrik Haukaas (*Statkraft*)Terje Kollbotn (*LO i Indre Hardanger*)Halvor Johan Bådsvik (*Museumslaget*)Svein Jåstad (*tilsette sin representant*)**Observatør**Brikt Olav Samdal (*NVE*)

Styret hadde 4 ordinære styremøte og 1 telefonmøte i 2015 og handsama i alt 48 saker. Kvinneandelen i styret er 0 %.

NVIM sine driftsinntekter: Offentlege tilskot frå stat (Kulturdepartementet, Riksantikvaren og NVE), Hordaland fylkeskommune og Odda kommune, sponsorinntekter og eigeninntekter.

2.1. Personale og arbeidsmiljø

Ved NVIM vart det i 2015 utført 16,4 årsverk, i tillegg kjem frivillig innsats som er stipulert til 0,5 årsverk. I faste stillingar vart det utført 13,5 årsverk ved NVIM. Tilsette på engasjement, korttidstilsette og sysselsette utførte 2,9 årsverk og vart gjennomført av i alt 9 personar.

NVIM arbeider for likestilling mellom kjønna; organisatorisk, sosialt og lønsmessig. Fordelinga av menn og kvinner mellom dei fast tilsette er 58 % menn og 42 % kvinner. Direktør er mann og to av tre avdelingsleiarar er kvinner.

NVIM hadde i 2015 eit sjukefråver på 2,62% mot 0,13% i 2014 . Langtidssjukefråveret var på 0,67% mot 0,05% i 2014. Korttidssjukefråveret auka frå 0,08% i 2014 til 1,95 % i 2015. Vi hadde ingen arbeidsulukker. Endringane skuldast naturleg variasjon, det har ikkje vore langtidsfråver over 4 veker.

NVIM er medlem av Odda bedriftshelseteneste.

Verksemda forureinar ikkje det ytre miljø.

2.2. Økonomi

Årsrekneskapen for 2015 viser et årsresultat på kr. 772 024. Etter overføringar frå bunden eigenkapital vert kr. 829 241 overført til annan eigenkapital. Stiftinga har fri eigenkapital på kr. 1 553 961 pr. 31.12.2015. Styret merkar seg at dette framleis er lågt, men er svært nøgde med at nøktern økonomistyring dei siste åra no har sett spor. Styret viser til note 14 i årsrekneskapen som viser at dersom netto pensjonsplikter hadde vore balanseført ville museet hatt negativ eigenkapital på ca. 1 million.

Nøkternheten i økonomien inneber mellom anna at vakante stillingar og permisjonar ikkje vert dekkja inn med tilsetting av nye folk. Oppgåver vert lagde på is eller fordelt på andre tilsette. Organisasjonen viser og stor evne til å skaffe alternative inntekter gjennom søknadar om prosjektmidlar og sal av tenester. Desse tiltaka gå utover ordinær museumsdrift, men er heilt naudsynte for å sikre god økonomi og halde på verdfull kompetanse.

Etter styret si meining gjev den framlagde rekneskapen og balansen eit rett bilete av stoda til stiftinga Norsk Vasskraft- og Industristadmuseum ved årsskiftet 2015/2016. Rekneskapen gjev god informasjon om drifta av museet. Det føreligg føresetnad om framleis drift, og styret si årsmelding og årsrekneskapen for 2015 er sett opp med denne føresetnaden.

3. Fornyng

Våren 2015 tok AS Tyssefaldene (AST) kontakt med museet sin administrasjon med spørsmål om NVIM ønskjer å overta eigarskapen til heile kraftstasjonsbygningen, inkludert kontor- og driftslokala AST disponerer i dag. Førespurnaden må sjåast i lys av at AST er i ferd med å redusere drifta.

NVIM si verksemd nedre del av Tyssedal er i dag spreidd på fire ulike bygg – med butikk og billettsal i Naustbakken 3, utstillingar og administrasjon i Naustbakken 7, verkstad og konferanselokale i verkstadbygget og omvisingar og andre arrangement i turbinhallen i Tysso I. Spreiing inneber ei logistisk utfordring for både tilsette og gjester til museet. Ei overtaking av Tysso I vil føre til samlokalisering av museet i eitt bygg, samtidig som det vil auke plassen museet har til rådvelde for alle sine oppgåver – både utstillingar, samlingsforvaltning og administrasjon.

I 2015 har styret og administrasjonen arbeidd med å kartleggje ulike sider ved ei slik overtaking, samt å drøfte dette med våre samarbeidsparter: Odda kommune, Hordaland fylkeskommune, Kulturdepartementet, Riksantikvaren o.a. Vi har fått positive signal frå alle parter – utan at ein har tatt stilling til kva plikter dette kan medføre t.d. økonomisk.

Status på arbeidet i 2015 er at ein no er komne langt i arbeidet med å få på plass ein intensjonsavtale mellom AST og NVIM om at ein ønskjer å gå vidare med dette arbeidet med ein intensjon om å finne gode løysingar for alle paratar.



MUSEUMSFAGLEG

3. Forvaltning av immateriell kulturarv

Odda vidaregåande skule starta i haust landslinje i vg2 smedfag med hovudbase i bygg 026, smia på Smelteverkstomta. Det er tilsett faglærer i smedfaget og linja har i år fire elevar. Målet er å ta vare på smedfaget, finna læreplassar og føra handverket vidare. Dei samarbeider med Odda smedforening som bidreg til å skape eit godt fagleg miljø med faste dagar i smia.

NVIM har i 2 år hatt lærling i murarfaget som vil gå opp til fagprøven i februar 2016. Han har fått innføring i gamal materialbruk og teknikkar for å føra handverket vidare.



4. Forvaltning av materiell kulturarv

4.1. Tyssedal kraftanlegg

Det er i 2015 i hovudsak utført faste FDV oppgåver og planlagd periodisk vedlikehald i kraftstasjonen og på Lilletopp. Det er mellom anna utbetra lekkasje i røyrkjellar.

Frå september og ut året var fjernvarmeanlegget ute av drift grunna vedlikehaldstans ved Tizir. Dette har ført til auka vedlikehaldsbehov i kraftstasjonen i 2016. Ein fekk verkeleg sjå kor viktig fjernvarmeanlegget er for å avgrense vedlikehaldet i eit kaldt og vått vestlandsklima.

Den nye fjernvarmeavtalen mellom Tizir AS, AS Tysefaldene (AST) og NVIM vart signert i desember. NVIM overtek eigarskapet, samt drift og vedlikehald av sekundærkretsten frå AST. Dette skal finansierast med nettleige frå abonnentane.

Arbeidet med publikumstolett nord i stasjonen er godt i gang. Det er støypt golv og sett opp veggar. Det er og lagt ned vassleidningar og avløp ned.

4.2. Skjeggedalstova

Skjeggedalstova har fått innlagt straum og det er montert utvendig vasspost. Det var eit ønskje om å finna ei løysing der ein beheld røykstova i sin opphavlege form, men at ein samstundes kan ha eit publikumstilbod i Skjeggedalstova. Difor er det sikringskåp og kontaktar for kjøleskap, vaffeljarn og eit ljøs over benken på kjøkkenet montert så diskre som mogeleg. Sparebankstiftinga Hardanger ytte gåve slik at museet kunne gjennomføra dette.

4.3. Bygg 026 smia.

Sidan smia er i bruk som smedskule har det vore behov for å tilpassa bygget til dette. Lokala er no tilpassa krav i lovverket for arbeidsplassar. Smihamrane er rusta opp og godkjende av Arbeidstilsynet. Det er etablert også sveiserom med punktavsug, jarnlager og kappeutstyr.

Ved støtte frå Norsk kulturråd, Hordaland fylkeskommune og Stiftelsen UNI er det gjennomført sikringsarbeid. Varevindaug i stål med laminert glas er monterte framfor eksisterande vindaug og det er montert brann- og innbrotsanlegg.

4.4. Foto, arkiv og gjenstandar

Museet arbeider kontinuerleg med digitalisering og sikring av foto. Over 2000 foto vart digitalisert i 2015, mellom anna ei stor fotosamling frå Hardanger Folkeblad.

Vi arbeider vidare med å skrive inn informasjon om fotografi og gjenstandar, og å rette opp feil i fotobasen Primus. Dette er tidkrevjande arbeid, men stadig fleire foto og gjenstandar vert publisert på Digitalt Museum: <http://digitaltmuseum.no/>. Mykje av opprettingsarbeidet er gjort i godt samarbeid med Hardanger og Voss Museum. NVIM får mange tilbakemeldingar, korrigeringar og tingingar på foto på DigitaltMuseum. Det skapar god dialog med publikum og er difor eit oppgåver vi prioriterer høgt. Det er og formidla foto til utsmykking av Næringshagen i Odda.



Mottak av gjenstandar er ikkje prioritert i 2015 grunna mangelfulle lager og liten kapasitet på lagerplass. NVIM har likevel teke i mot t0 faner; Sportsklubben Fonna og Odda Arbeidslederforening, og sendt fana etter Odda Arbeiderungdomslag til vurdering ved Bevaringstenestene i Salhus. NVIM har motteke arkiv frå OI Skilag - Solfonnbakken, Hardanger Tekniske forening, Avdeling 61 – kaien, Norconsult vedkomande AS Tyssefaldene, Odda Misjonskor og Låte Møbelfabrikk. Arkivet etter legendariske Haralds Knutsson er ordna med midlar frå Kulturfondet til Odda kommune.

4.5. Samlingsplan for musea i Hordaland

NVIM har delteke aktivt i utvikling av Samlingsplan for musea i Hordaland. Planen vart vedteken hjå Utval for Kultur, idrett og regional utvikling i Hordaland fylkeskommune i november 2015. Det er og oppretta eit felles samlingsråd for musea, som skal arbeide med fordeling musea imellom sett i lys av geografisk og tematisk ansvar.

5. Forsking:

Medarbeidarar ved NVIM har gjennomført eit betydeleg forskingsarbeid til tross for vakant forskarstilling grunna manglande økonomiske ressursar.

Artikkelen «Jentene på Seljestad skysstasjon» vart trykt i årboka Hardanger 2015 (Hardanger Historielag). I forkant utførte NVIM ei omfattande forskning omring Axel Lindahl-fotoet «Seljestad skysstasjon». (Sjå framsida på denne årsmeldinga) Arbeidet vart utført i samarbeid med professor Ståle Dyrvik. Seniorrådgjevar/Landskapsgeograf Oscar Pushmann ved NIBIO og forskingsbibliotekar Harald Østgaard Lund ved Nasjonalbiblioteket bidrog også til artikkelen. Det same gjorde mange personar i Seljestadslekta.

NVIM har og bidratt med materiale til artiklar om Oddaindustrien og Albert Petersson for NTB og Bergens Tidende. Artikkelen av Bjørn Hugo Pettersen, NTB er trykt i mange magasin til Landsdelsaviser og liknande i løpet av året.

NVIM har også i 2015 bidrege med artiklar til nettsidene industrimuseum.no.

5.1. Industripionerane

Den nye dokumentaren «Industripionerane» skal løfta fram nasjonal og internasjonal industrihistorie mellom anna ved å fortelje om ingeniørane og gründerane Albert Petersson og Sam Eyde. Gjennom dei og andre pionerarar som våga å satse på ny og til dels ukjend teknologi og skapte moderne industrihistorie i byrjinga av førre århundret. Programmet skal lanserast som eit nytt publikumstilbod ved NVIM i 2017. Randi Storaas er leigd inn til oppdraget. Prosjektet er støtta av: DnB stiftelsen, Sparebankstiftinga Hardanger, Odda kommune, Hardangerrådet og Opedal-fondet.

6. Formidling

6.1. Besøk

	2013		2014		2015	
	Barn	Vaksne	Barn	Vaksne	Barn	Vaksne
Tyssedal	978	5 057	1 201	6 499	996	5 585
Vitensenteret	3 251	1 478	4 841	2 451	4 737	2 507
Andre	1 818	3 442	685	3 293	587	3 095
SUM	6 047	9 977	6 727	12 243	6 320	11 187
Totalt	16 024		18 970		17 507	

Tyssedal

Besøket i Tyssedal har jamt over vore bra. Mange besøkjande nyttar i stadig større grad til å opphalde seg på området heile dagen. Dei fleste føretrekker å sjå utstillingane og kraftstasjonen i sitt eige tempo. Dette førte òg til at kaféen var godt besøkt.

Skjeggedal:

Dårleg vær sette sitt preg på sesongen i Skjeggedalstova. De fleste Trolltunge-turistane hadde det travelt med å komme seg heim i etter mange timer i kald og våt norsk fjellnatur. At Skjeggedalstova har potensiale til å bli ein populær stoppestad såg vi når været var varmt og fint. Nøgde turfolk kvilte seg ute under trea eller ville høyre om historia i Tyssedal og Skjeggedal inne i stova. På disse dagane var det godt sal av kaffi, vaflar og ikkje minst kald cola!



Odda Vitensenter

Odda vitensenter var også sommaren 2015 ope for publikum 5 dagar i veka. Besøket kunne vore betre men dette er eit tilbod vi ønskjer å oppretthalda for barn og unge i Odda i skuleferien. Odda vitensenter er og nytta som startpunkt for omvisingar i Folgefonngata og i Oddasmio på smelteverkstomta i sommarsesongen.

Saman med vaksenopplæringa arrangerer vi årleg «vitenpark-fest»- eit populært arrangement som inngår i museet si mangfaldssatsing.

Lucia-feiringa er no blitt ein tradisjon - med vitskapeleg nisseshow arrangert i samarbeid med «Odda by». Det var knapt ein ledig ståplass på vitensenteret den dagen.



Vitensenteret var og utleigd til barnebursdagar med vert og vitenshow inkludert i leiga.

6.2. Pedagogiske tiltak

Odda vitensenter er viktig arena for skulekontakten til NVIM. Opplegga har realfag som hovudtema.

I 2015 var undervisningsopplegget «Straumproduksjon» utviklet som på nyåret 2016 skal prøvast ut på alle 9. klassane ved Odda ungdomskole. Odda vitensenter har og vidareutvikla undervisningsopplegget «Elektromagnetisme». NVIM ønskjer å spisse opplegga våre mot kjerneområde knytt til føremålet til verksemda.

Vitensenteret arbeider og med eit samarbeid med Hydro, vedkommande sponning av skuleklassar i Røldal og Suldal som besøke NVIM og delta på relevante undervisningsopplegg.

På våren og forsommaren kjem elevane til Tyssedal og deltek på kunstvandring på Tyssedal Hotell, leitar etter vatnet på Lilletopp-anlegget og byggjer kraftverk i miniputtanlegget. Etter skulestart er det tid for å lære om byutvikling i Odda by er lagt, om Odda i gamle dagar og til slutt å oppleve «Jul i gamle dagar» i Folgefonngata. NVIM har eit godt samarbeid med skulane. Oddaskulane er svært flinke til å nytte seg av tilboda til museet. Regionale skoler kjem ofte for å få med seg tur til Lilletopp.

6.3. Arrangement, konferanse

Vi klarte ikkje i 2015 følge besøkstala frå det særskilte jubileumsåret 2014. Men arrangementa vi hadde var svært godt besøkt og godt motteke, ikkje minst av nye målgrupper. Vi byrja med ein liten, lokal vårfestival i mai og fortsette med den årlege konserten i kraftstasjonen i pinsen saman med Hardanger Musikkfest.

I juni deltok vi aktivt saman med Odda kommune på Trolltunga-festivalen som gjekk over to dagar. Første helga etter skolestart arrangerte vi Barnas loppemarknad i hagen i Folgefonngata. I slutten av august var det konsert i kraftstasjonen med Fjære kammerorkester. I samarbeid med Musikkens venner hadde vi konsert med Bøen/Fiskaaen duo i Statkraftstova en månad seinare. Under det årlige Litteratursymposiet tok vi i mot besøkjande til eit bedriftsbesøk.

Årets «Salongprat» nådde ut til ei heilt ny målgruppe då vi inviterte «Vinterveiens helter» - frå National Geographics TV-program ved same namn – til ein samtale framfor publikum. Et vellukka konsept som vi tenker å følge opp.

NVIM hadde i oktober ansvaret for årets samling for Riksantikvaren og Industrianlegga sitt Fellesråd, som gjekk over to dagar.

På arkivdagen 2015 vart artikkelen Jentene på Seljestad skysstasjon grunnlag for foredrag på Sentralbadet Litteraturhus. Eit flott arrangement gjennomført i samarbeid med Hardanger Historielag



Det har vore mange spanande gruppebesøk – både små og store grupper. Mange kjem saman med, ofte saman med Reisemål Hardangerfjord. Riksantikvaren tok med seg ein gruppe frå Tsjekkia, og Statkraft var igjen på besøk med nyttilsette. Fylkeskommunen, Statkraft, Innovasjon Norge, Universiteta i Oslo og i Bergen, Odda kommune, Ullensvang Herad, Kvinnherad kommune, ICOLD (International Committee of Large Dams), Forskningsrådet, NVE og Riksantikvaren valde å besøke museet.

I tillegg både nasjonal og internasjonal presse funnet vegen hit. Årets Verdsarvkonferanse i Bergen la i samarbeid med NVIM, ein av dagane til Tyssedal og Odda.

Konferansemarknaden er redusert. Verksemdar sparar også på dette området. Likevel har vi hatt godt belegg i Statkraftstova, der mange lokale aktørar stadig oftare legg møte til Tyssedal.

6.4. Nye nettsider

I april 2015 kunne vi endeleg lansere dei nye nettsidene til NVIM– www.nvim.no

Eit omfattande arbeid har resultert i ein moderne utsjånad, og sidene er tilrettelagt for nettbrett og mobil. Det er ei målsetting å ha informative og aktuelle sider og bruke dei aktivt i samspel med sida vår på Facebook. Museet får stadig fleire opplysingar og spørsmål om foto på Facebooksida vår.

6.5. Utstillingar

Oddakomiteén for FN's kvinneår

I 2015 var det 40 år sidan kvinneåret. For å markera dette skreiv NVIM ei historisk innleiing og laga utstilling på Sentralbadet Litteraturhus 8. mars. På Odda bibliotek laga vi utstilling om Oddakomiteén i høve utdelinga av Kongens fortjenestemedalje til tidlegare biblioteksjef Dordei Nesheim Raaen. Temaet er og publisert på museet si nettside.

100-årsmarkering for Murboligen

NVIM laga plakatudstilling i kvelvingen med tema arkitekturhistorie og annan informasjon om Murboligen. Oppdraget kom frå Bakke burettslag.

7. Særlege prosjekt

7.1. Formidling av dokumentasjonsprosjekt Bjølvo

Dokumentasjonsprosjektet Gamle Bjølvo kraftanlegg – del 2 vart formidla på NVIM sine nettsider i tråd med tinging frå Statkraft. På lanseringsmøtet i Ålvik vart artiklane og sidene presentert for innbyggjarane i Ålvik. Den tilrettelagte dokumentasjonen finn du her: www.nvim.no/industristaden-alvik

7.2. 100-årsmarkering for fotograf og fruktdyrkar Knud Knudsen

I 2015 hadde Odda kommune og NVIM eit svært vellukka samarbeid for å markera kulturarven etter Knud Knudsen. Målet var å framheva Knudsen si tilknytning til Odda-samfunnet og gjera hardingane kjende med Knudsen på nye måtar. Hovudtiltaket var Galleriet Foto-Knud på Smelteverket, eit byfornyingsiltak særleg støtta av Norsk Kulturråd og fylkesmannen i Hordaland. Sju megastore fotografi er plasserte på smelteverksområdet og er godt synlege i bykjernen. Galleriet har vekt udelt begeistring mellom unge og eldre og prosjektmålet er oppnådd. NVIM tok initiativet til samarbeidet og vi mottok prosjektinntekter frå kommunen for arbeidet med forprosjekt, banner, faldar og informasjonstavler.

I 2015 var det 100 år sidan Knud Knudsen (1832 – 1915) døydde. Hovudmarkeringa var 21. mai. På NVIM i Tyssedal har vi vist utstillinga Knud Knudsen - bymann med heimlengt, der kolorerte (fargelagde) Knudsen-foto får fram ei ny oppleving av bileta. Fotograf Arvid Aga står bak video og innramma kopiar. Musea i Hardanger og Odda kommune vil byggja vidare på samarbeid omkring Knud Knudsen i komande år.

7.3. Senter for industriarkiv – SINDARK

Ved årsskiftet var 4 industriarkiv innlemma i Sindark. Det er arbeid med grovordninga av arkivet etter Odda smelteverk AS. Dette er no ferdig. Hovland Ullvarefabrikk sitt arkiv er og ferdig ordna. Begge kan no innlemmast i det nasjonale arkivsystemet ASTA. Det er i 2015 arbeid med å kople seg på ei sentral løysing for drift av dette systemet. Det har tatt tid å få på plass denne løysinga som er drifta av Kultur IT. Registreringsarbeidet tek såleis til i 2016.

Sjølv om få arkiv på plass i Sindark er det motteke heile 19 arkivrekvisisjonar til Sindark i 2015. Dei fleste har vore byggdokumentasjon på smelteverktstomta (teikningar og annan dokumentasjon) og frå Hovland Ullvarefabrikk.

Sindark er eit godt lokale, både arkivmagasina og arbeidsromma. Det har vore nokre tekniske vanskar med bygget som følgt opp og delvis utbeta undervegs.

Sindark er eit utfordrande prosjekt, og i nedgangstider i industrien er det ikkje lett å få verksemdene til å leige hylleplass og støtte ordningsprosjekt av sine arkiv. Grunnfinansieringa har vore frå Odda kommune i heile prosjektperioden.

7.4. Valen kraftverk 1 og 2 – dokumentasjonsprosjekt og formidlingsopplegg

Oppdragsverksemd er svært viktig for NVIM – både fagleg og økonomisk. Fire medarbeidarar har delteke i prosjektmed å dokumentere Valen kraftverk for eigaren Hordaland fylkeskommune. Arbeidet blei utført sommar og haust, men feltarbeidet i fjellet måtte utsetjast til langt utpå hausten grunna mykje snø. Arbeidet inneheld foto, film, arkivsøk og -gjennomgang, digitalisering av kart og teikningar, og intervju. Alt materiale frå prosjektet blir sikra av NVIM ved prosjektslutt. NVIM leverer dokumentasjonsrapport, restaureringsrapport og formidlingsopplegg i 2016. Det er spanande og utfordrande å arbeide med dokumentasjonsprosjekt. Arbeidet styrker NVIM si rolle som tematisk ansvarsmuseum.



7.5. Industrisymposiet

Våren 2015 tok NVIM initiativ til å etablere ein arena for dialog og samtalar mellom industrien i Odda og omverda. I eit tett samarbeid med Odda Kommune har tanken om eit Industrisymposium i Odda blitt lansert for både lokale industrileiarar, tillitsvalde ved dei store bedriftene i Odda, kommunale og regionale organ pluss Hordaland Fylkeskommune. Alle har uttalt at dei støtter planane om å få på plass ein slik møtestad, og ynskjer å bidra til at dette vert ein realitet i 2016. Industrisymposiet skal vise fram industrien i Odda som ein framtidsretta kompetanseberande industri, og skal vere med på å byggje vidare på Odda som ein god og attraktiv bu- og arbeidsplass som eit levande regionsenter. Symposiet skal og visa fram den lange historia Odda har, og knytte denne tett opp mot den framtida regionen har som industriell motor i Hordaland.

8. Samarbeid med andre

Faste samarbeidspartnarar er NVE, Odda Kommune, Riksantikvaren, Hordaland Fylkeskommune, Statkraft og lokale verksemder. Reisemål Hardangerfjord er samarbeidspartner innan reiseliv og marknadsføring. Trolltunga Active og Jostein Soldal er viktig på område der vi kombinerer historie og aktivitetar.

Vi samarbeider med lokale verksemder og næringsliv, og prøver i størst mulig grad å kjøpe varer og tenester lokalt.

Etter initiativ frå Vitensenteret er Odda formelt blitt realfagskommune. Det skal etablerast nært samarbeid mellom NVIM, industriverksemder og skule, der vitensenteret har ei sentral rolle. Klassar frå Odda vidaregåande skule og grunnskulen er invitert til å delta i undervisningsopplegg på vitensenteret. Det skal haldast kurs for lærarari samarbeid med Høgskulen i Bergen, avdeling for Lærarutdanning. Dette er planlagt gjennomført på nyåret 2016.

8.1. NVEs museumsordning

NVIM er eit av to samarbeidsmuseum i NVEs museumsordning. Det andre er Norsk skogmuseum på Elverum.

Nettstaden www.vasskrafta.no er prioritert satsingsområde. Vi har arbeidd med å gjera denne nettstaden til attraktiv reiskap i undervisning, og har produsert mange nye øvingar og lærarinstruksjonar. Det er implementert meir om miljøaspektet på nettstaden, eit arbeid som vil fortsette i 2016. Dokumentasjonen av kraftverket Bjølvo i Ålvik er tilpassa målgruppa for nettsidene og publisert.

NVIM har og deltatt aktivt i diskusjonen med NVE rundt utviklinga av Museumsordninga i eit lengre tidsperspektiv, og er tatt med i NVE sitt FOU-prosjekt om dokumentasjon av kraftindustrien sine kulturminner.

8.2. Museumslaget

Museumslaget er støtteorganisasjon for stiftinga Norsk Vasskraft- og Industristadmuseum (NVIM).

Museumslaget har egne vedtekter og eige styre. Leiar av Museumslaget er fast styremedlem i NVIM sitt styre. Museumslaget disponerer rom i museumsanlegget i Folgefonngata. Årlege aktivitetar er studietur, allsongkveld og juleverkstad. To gonger i året kjem heftet «Liv og Rør» ut, eit samarbeid mellom Museumslaget og NVIM.

Kvart år støtter Museumslaget museet med ei føremålstenleg gåve.

8.3. Idrettsmuseet

Odda Idrettsutstilling var opphavleg laga av sju frivillege til 100-årsjubileet for Odda kommune i 2013. Utstillinga var open første halvår 2015 i Folgefonngata 13. Deretter vart prosjektarkivet, utstillingsfoto og gjenstandar overlevert som gåve til NVIM. NVIM utarbeidde prosjektplan for «*Når Idrettsmuseet hamnar på museum*». Prosjektet skal registrera materialet, formidla utvalde deler om arbeidariidrett på nett og i utstillingar, og vera delprosjekt i arbeidet med å utvikla ein samlingsforvaltingsplan for NVIM. Arbeidet vil fortsetje i 2016 og 17.



Torolv Mikkelsen,
styreleiar



Tore M. Sellæg
Styremedlem



Rolf Nesheim,
styremedlem



Bjørn Seim,
styremedlem



Terje Kollbotn,
styremedlem



Hans Henrik Haukaas,
Styremedlem



Svein Jåstad
Styremedlem, repr. for dei tilsette



Jan-Anders Dam-Nielsen
direktør